

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) nr. 530/2012**2019/EØS/18/52****av 13. juni 2012****om framskunda innføring av krav om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon for oljetankskip med enkelt skrog**

(omarbeiding)(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 100 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosessen⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 417/2002 av 18. februar 2002 om framskunda innføring av krav om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon for oljetankskip med enkelt skrog⁽³⁾ er vorten monaleg endra fleire gonger⁽⁴⁾. Ettersom det er naudsynt med ytterlegare endingar, bør den nemnde forordninga omarbeidast av omsyn til klarleiken.
- 2) Innanfor ramma av den felles transportpolitikken bør det gjerast tiltak for å betre tryggleiken og hindre ureining innanfor sjøtransport.
- 3) Unionen ser med stor uro på sjøulukker med oljetankskip og den påfølgjande ureininga av kystlinja til Unionen og skadane på dyrelivet, plantelivet og andre ressursar i havet.
- 4) I meldinga si om ein felles politikk for tryggleik til sjøs la Kommisjonen vekt på oppmodinga frå det ekstraordinære møtet til Rådet om miljø og transport 25. januar 1993 om å støtte innsatsen til Den

internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) for å redusere skilnaden mellom nye og eksisterande skip med omsyn til tryggleik, ved å oppgradere og/eller fase ut dei eksisterande skipa.

5) Rådet har ved resolusjonen av 8. juni 1993 om ein felles politikk for tryggleiken til sjøs⁽⁵⁾ gjeve full støtte til måla i kommisjonsmeldinga.6) I resolusjonen sin av 11. mars 1994 om ein felles politikk for tryggleik til sjøs⁽⁶⁾ helsa Europaparlamentet kommisjonsmeldinga velkommen, og oppmoda særleg til innsats for å betre tryggleiksstandardane for tankskip.7) I resolusjonen sin av 20. januar 2000 om oljeureiningskatastrofen som følgje av havariet til «Erika»⁽⁷⁾ helsa Europaparlamentet velkommen all innsats frå Kommisjonen for å framskunde datoen for innføring av dobbelt skrog på oljetankskip.8) I resolusjonen sin av 21. november 2002 om katastrofen med oljetankskipet «Prestige» utanfor kysten av Galicia⁽⁸⁾ oppmoda Europaparlamentet til meir verksame tiltak som kan setjast i verk snøggare, og slo fast at denne nye katastrofen enno ein gong har streka under kor viktig det er med effektive tiltak på internasjonalt plan og unionsplan for ei monaleg betring av tryggleiken til sjøs.

9) IMO har i Den internasjonale konvensjonen om hindring av ureining frå skip av 1973 og den tilhøyrande protokollen av 1978 (MARPOL 73/78) fastsett internasjonalt godkjende reglar for hindring av ureining som påverkar konstruksjon og drift av oljetankskip. Medlemsstatane er partar i MARPOL 73/78.

10) I medhald av artikkel 3 nr. 3 i MARPOL 73/78 gjeld konvensjonen ikkje for krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som tilhøyrer eller vert drivne av ein stat, og som berre vert nytta i offentleg, ikkje-kommersiell teneste.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 172 av 30.6.2012, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 94/2014 av 16. mai 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 30.10.2014, s. 51.

(1) TEU C 43 av 15.2.2012, s. 98.

(2) Fråsegn frå Europaparlamentet av 23. mai 2012 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 7. juni 2012.

(3) TEF L 64 av 7.3.2002, s. 1.

(4) Sjå vedlegg I.

(5) TEF C 271 av 7.10.1993, s. 1.

(6) TEF C 91 av 28.3.1994, s. 301.

(7) TEF C 304 av 24.10.2000, s. 198.

(8) TEU C 25 E av 29.1.2004, s. 415.

- 11) Ei samanlikning av ulukkes- og aldersstatistikkane for tankskip syner at eldre skip oftare har ulukker. Det er internasjonal semje om at dei endringane i MARPOL 73/78 som vart vedtekne i 1992, der det vart fastsett krav om bruk av dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon for eksisterande oljetankskip med enkelt skrog når dei kjem opp i ein viss alder, vil sikre eit høgare nivå med omsyn til vern mot utilsikta oljeureining i tilfelle kollisjon eller grunnstøyting.
- 12) Det er i Unionen si interesse å vedta tiltak for å sikre at dei oljetankskipa som legg til ved hamner eller offshoreterminalar eller ankrar opp i eit område som er underlagt jurisdiksjonen til medlemsstatane, og oljetankskip som seglar under flagget til ein medlemsstat, oppfyller regel 20 i vedlegg I til MARPOL 73/78, revidert i 2004 ved resolusjon MEPC 117(52), som vart vedteken av IMO-utvalet for vern av havmiljøet (MEPC), for å redusere risikoen for utilsikta oljeureining i europeiske farvatn.
- 13) Ved resolusjon MEPC 114(50), som vart vedteken 4. desember 2003, vart det innført ein ny regel 21 i vedlegg I til MARPOL 73/78 om hindring av oljeureining frå oljetankskip som fraktar tunge oljer, og ved denne regelen vart det innført forbod mot frakt av tunge oljer i oljetankskip med enkelt skrog. I nr. 5, 6 og 7 i regel 21 vart det fastsett at det kan gjerast unntak frå bruken av visse føresegnar i den nemnde regelen. Det italienske førerarskapet for Det europeiske rådet har på vegner av Den europeiske unionen gjeve ei fråsegn som er attgjeven i den offisielle rapporten til MEPC om det 50. møtet i MEPC (MEPC 50/3), og som uttrykkjer ei politisk tilsegn om at desse unntaka ikkje skal nyttast.
- 14) IMO vedtok endringar av MARPOL 73/78 den 6. mars 1992, og desse tok til å gjelde 6. juli 1993. Ved desse tiltaka vart det innført krav om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon for oljetankskip som er leverte frå og med 6. juli 1996, med sikte på å hindre oljeureining i tilfelle kollisjon eller grunnstøyting. Desse endringane omfatta òg ei ordning som tok til å gjelde 6. juli 1995, for ei utfasing av enkelt skrog i oljetankskip som er leverte før denne datoen, medan oljetankskip som er leverte før 1. juni 1982, må oppfyller krava om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon seinast 25 år etter leveringsdatoen, og i visse høve 30 år etter denne datoen. Slike eksisterande oljetankskip med enkelt skrog vil ikkje lenger kunne nyttast etter 2005, eller i visse høve etter 2012, med mindre dei oppfyller dei krava om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon som er fastsette i regel 19 i vedlegg I til MARPOL 73/78. Denne fristen går ut seinast i 2026 for eksisterande oljetankskip med enkelt skrog som er leverte etter 1. juni 1982, eller som er leverte før denne datoen, men som er vortne ombygde for å oppfyller krava i MARPOL 73/78 om åtskilde ballasttankar og trygg plassering av desse.
- 15) Under det 46. møtet sitt den 27. april 2001 vedtok Utvalet for vern av havmiljøet resolusjon MEPC 95(46), som omfattar vesentlege endringar av regel 20 i vedlegg I til MARPOL 73/78, og ved resolusjon MEPC 111(50), som vart vedteken 4. desember 2003, vart det innført ei ny ordning for framskunda utfasing av oljetankskip med enkelt skrog. Dei nye fristane for når oljetankskipa må oppfyller regel 19 i vedlegg I til MARPOL 73/78 er avhengige av storleiken og alderen til skipet. I den nemnde ordninga er oljetankskipa difor delte inn i tre kategoriar etter tonnasje, konstruksjon og alder. Alle desse kategoriane, medrekna den lågaste (kategori 3), er viktige for handelen innanfor Unionen.
- 16) Siste frist for utfasing av eit oljetankskip med enkelt skrog er årssdagen for leveringsdatoen til skipet, etter ein tidsplan som går frå 2003 til 2005 for oljetankskip i kategori 1, og til 2010 for oljetankskip i kategori 2 og 3.
- 17) Ved regel 20 i vedlegg I til MARPOL 73/78 vert det innført eit krav om at alle oljetankskip med enkelt skrog framleis kan nyttast så langt dei oppfyller vilkåra i ei tilstandsvurderingsordning for skip (CAS), som vart vedteken 27. april 2001 ved resolusjon MEPC 94(46), endra ved resolusjon MEPC 99(48) av 11. oktober 2002 og ved resolusjon MEPC 112(50) av 4. desember 2003. Denne ordninga krev at flaggstatsstyresmakta utferdar ei samsvarsfråsegn og tek del i framgangsmåtane for inspeksjon under ordninga. Tilstandsvurderingsordninga er utforma for å oppdage veikskapar i strukturen til gamle oljetankskip og bør nyttast på alle oljetankskip som er meir enn 15 år gamle.
- 18) Etter regel 20.5 i vedlegg I til MARPOL 73/78 kan oljetankskip i kategori 2 og 3 som eit unntak og under visse omstende framleis vere i drift etter utfasingsfristen. Regel 20.8.2 i det nemnde vedlegget gjev partane i MARPOL 73/78 rett til å nekte oljetankskip som er i drift i medhald av dette unntaket, å leggje til ved dei hammene eller offshoreterminalane som er underlagde jurisdiksjonen deira. Medlemsstatane har gjort det klart at dei aktar å nytte denne retten. Alle avgjerder om å nytte denne retten bør sendast over til IMO.
- 19) Det er viktig å sikre at føresegnene i denne forordninga ikkje fører til at tryggleiken til offiserar og mannskap eller oljetankskip som søkjer naudhamn eller ly, vert sett i fare.
- 20) For at skipsverft i medlemsstatane skal få høve til å reparere oljetankskip med enkelt skrog, kan medlemsstatane gjere unntak for å gje slike skip tilgang til hammene sine så langt dei ikkje har noka last.
- 21) Det er svært lite sannsynleg at IMO kjem til å endre innhaldet i dei relevante reglane i MARPOL 73/78 og resolusjon MEPC 111(50) og 94(46) som er vedtekne av MEPC, og som denne forordninga viser til. Ikkje-vesentlege endringar, t.d. omnummerering, kan likevel

verte gjorde i desse tekstene. For å kunne halde denne forordninga ajour med den nyaste utviklinga innanfor den gjeldande folkeretten bør retten til å vedta rettsakter i samsvar med artikkel 290 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, delegerast til Kommisjonen når det gjeld slike endringar, men berre i den grad dei ikkje utvidar verkeområdet for denne forordninga. Det er særleg viktig at Kommisjonen gjennomfører føremålstenlege samråd under det førebuande arbeidet sitt, medrekna samråd med sakkunnige. Når Kommisjonen førebur og utarbeider delegerte rettsakter, bør han syte for at relevante dokument vert sende over til Europaparlamentet og Rådet samstundes, til rett tid og på ein eigna måte —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål

Føremålet med denne forordninga er å innføre ei ordning for framskunda innføring av krav om dobbelt skrog eller tilsvarende konstruksjon i samsvar med MARPOL 73/78, slik det er definert i artikkel 3 i denne forordninga, for oljetankskip med enkelt skrog, og å forby frakt av tunge oljer til eller frå hamner i medlemsstatane i oljetankskip med enkelt skrog.

Artikkel 2

Verkeområde

1. Denne forordninga skal nyttast på oljetankskip på 5 000 tonn daudvekt eller meir, som

- a) seglar under flagget til ein medlemsstat,
- b) utan omsyn til kva flagg dei seglar under, legg til ved eller seglar frå hamner eller offshoreterminalar, eller som ankrar opp i eit område som er underlagt jurisdiksjonen til ein medlemsstat.

For føremåla med artikkel 4 nr. 3 skal denne forordninga nyttast på oljetankskip på 600 tonn daudvekt eller meir.

2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som tilhøyrer eller vert drivne av ein stat, og som inntil vidare berre vert nytta i offentleg, ikkje-kommersiell teneste. Medlemsstatane skal, så langt det er rimeleg og mogleg, leggje vinn på å etterleve denne forordninga når det gjeld skip som er nemnde i dette nummeret.

Artikkel 3

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

- 1) «MARPOL 73/78» den internasjonale konvensjonen av 1973 om hindring av ureining frå skip, slik han er endra ved den tilhøyrande protokollen av 1978, i den gjeldande versjonen,
- 2) «oljetankskip» eit oljetankskip slik det er definert i regel 1.5 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 3) «daudvekt» daudvekt slik det er definert i regel 1.23 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 4) «oljetankskip i kategori 1» eit oljetankskip med ei daudvekt på 20 000 tonn eller meir, som fraktar råolje, brennolje, tung dieselolje eller smørjeolje, og eit oljetankskip med ei daudvekt på 30 000 tonn eller meir, som fraktar anna olje enn det som er nemnt ovanfor, og som ikkje oppfyller krava i regel 18.1–18.9, 18.12–18.15, 30.4, 33.1, 33.2, 33.3, 35.1, 35.2 og 35.3 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 5) «oljetankskip i kategori 2» eit oljetankskip med ei daudvekt på 20 000 tonn eller meir, som fraktar råolje, brennolje, tung dieselolje eller smørjeolje, og eit oljetankskip med ei daudvekt på 30 000 tonn eller meir, som fraktar anna olje enn det som er nemnt ovanfor, og som oppfyller krava i regel 18.1–18.9, 18.12–18.15, 30.4, 33.1, 33.2, 33.3, 35.1, 35.2 og 35.3 i vedlegg I til MARPOL 73/78, og som er utstyrte med trygt plasserte, åtskilde ballasttankar (SBT/PL),
- 6) «oljetankskip i kategori 3» eit oljetankskip med ei daudvekt på 5 000 tonn eller meir, men som er mindre enn det som er oppført i nr. 4 og 5,
- 7) «oljetankskip med enkelt skrog» eit oljetankskip som ikkje oppfyller krava om dobbelt skrog eller tilsvarende konstruksjon i regel 19 og 28.6 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 8) «oljetankskip med dobbelt skrog» eit oljetankskip
 - a) på 5 000 tonn daudvekt eller meir, som oppfyller krava om dobbelt skrog eller tilsvarende konstruksjon i regel 19 og 28.6 i vedlegg I til MARPOL 73/78, eller krava i regel 20.1.3 i det nemnde vedlegget, eller
 - b) på 600 tonn daudvekt eller meir, men under 5 000 tonn daudvekt, som er utstyrt med dobbeltbotntankar eller -rom som oppfyller føresegnene i regel 19.6.1 i vedlegg I til MARPOL 73/78, og vengtankar eller andre siderom i samsvar med regel 19.3.1 i det nemnde vedlegget, og som oppfyller kravet til avstand *w* i regel 19.6.2 i det nemnde vedlegget,

- 9) «alder» alderen til skipet, uttrykt i talet på år som er gått etter at skipet vart levert,
- 10) «tung dieselolje» dieselolje slik det er definert i regel 20 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 11) «brennolje» tunge destillat eller restar av råolje, eller ei blanding av desse produkta slik det er definert i regel 20 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- 12) «tunge oljer»
 - a) råoljer med ein tettleik ved 15 °C på over 900 kg/m³ (som svarar til ein API-grad på under 25,7),
 - b) andre oljer enn råoljer, med ein tettleik ved 15 °C på over 900 kg/m³ eller ein kinematisk viskositet ved 50 °C på over 180 mm²/s (som svarar til ein kinematisk viskositet på over 180 cSt),
 - c) bitumen og tjøre og emulsjonar av desse.

Artikkel 4

Oppfylging av krava om dobbelt skrog eller tilsvarande konstruksjon når det gjeld oljetankskip med enkelt skrog

1. Det er ikkje tillate for oljetankskip å segle under flagget til ein medlemsstat eller, utan omsyn til kva flagg dei seglar under, å leggje til ved dei hamnene eller offshoreterminalane som er underlagde jurisdiksjonen til ein medlemsstat, med mindre skipet er eit oljetankskip med dobbelt skrog.
2. Utan omsyn til føresegnene i nr. 1 kan oljetankskip i kategori 2 eller 3 som berre har dobbel botn eller doble sider som ikkje vert nytta til frakt av olje, og som strekkjer seg langs heile lengda av lastetanken, eller oljetankskip med dobbeltskrogsrom som ikkje vert nytta til frakt av olje, og som strekkjer seg langs heile lengda av lastetanken, men som ikkje oppfyller krava for å få unntak frå føresegnene i regel 20.1.3 i vedlegg I til MARPOL 73/78, framleis nyttast, men ikkje etter årsdagen i 2015 for leveringsdatoen til skipet eller etter 25-årsdagen for leveringsdatoen til skipet, alt etter kva dato som kjem først.
3. Det er ikkje tillate for oljetankskip som fraktar tunge oljer, å segle under flagget til ein medlemsstat, med mindre oljetankskipet har dobbelt skrog.

Det er ikkje tillate for oljetankskip som fraktar tunge oljer, utan omsyn til kva flagg dei seglar under, å leggje til ved eller segle frå hamner eller offshoreterminalar, eller ankre opp i eit område som er underlagt jurisdiksjonen til ein medlemsstat, med mindre oljetankskipet har dobbelt skrog.

4. Oljetankskip som berre vert nytta i hamner og til fart på innlandsvassvegar, kan få unntak frå kravet i nr. 3 dersom dei har tilbørleg løyve i medhald av regelverket for innlandsvassvegar.

Artikkel 5

Oppfylging av vilkåra i tilstandsvurderingsordninga for skip

Det ikkje tillate for oljetankskip med enkelt skrog som er eldre enn 15 år, utan omsyn til kva flagg dei seglar under, å leggje til ved eller segle frå hamner eller offshoreterminalar eller å ankre opp i eit område som er underlagt jurisdiksjonen til ein medlemsstat, med mindre skipet oppfyller krava i den tilstandsvurderingsordninga som er nemnd i artikkel 6.

Artikkel 6

Tilstandsvurderingsordning for skip

For føremåla med artikkel 5 skal den tilstandsvurderingsordninga for skip som vart vedteken ved resolusjon MEPC 94(46) av 27. april 2001 og endra ved resolusjon MEPC 99(48) av 11. oktober 2002 og ved resolusjon MEPC 112(50) av 4. desember 2003, nyttast.

Artikkel 7

Frist

Etter årsdagen i 2015 for levering av skipet er det ikkje lenger tillate for

- a) oljetankskip i kategori 2 og 3 som seglar under flagget til ein medlemsstat, å vere i drift, i samsvar med regel 20.5 i vedlegg I til MARPOL 73/78,
- b) andre oljetankskip i kategori 2 og 3 å leggje til ved hamner eller offshoreterminalar som er underlagde jurisdiksjonen til ein medlemsstat, sjølv om skipa framleis seglar under flagget til ein tredjestat i samsvar med regel 20.5 i vedlegg I til MARPOL 73/78.

Artikkel 8

Unntak for skip som er i vanskar eller skip som skal reparerast

Som eit unntak frå artikkel 4, 5 og 7 kan den rette styresmakta i ein medlemsstat, med atterhald for nasjonale føresegner, i særskilde høve tillate eit skip å leggje til ved eller segle frå ei hamn eller ein offshoreterminal eller å ankre opp i eit område som er underlagt jurisdiksjonen til denne medlemsstaten, når

- a) eit oljetankskip er i vanskar og søker ly,
- b) eit oljetankskip utan last er på veg til ei hamn for å verte reparert.

Artikkel 9

Melding til IMO

1. Kvar medlemsstat skal informere IMO om avgjerda si, i medhald av artikkel 7 i denne forordninga, om å nekte oljetankskip som vert drivne i samsvar med føresegnene i regel 20.5 i vedlegg I til MARPOL 73/78, å leggje til ved hamner eller offshoreterminalar som er underlagde jurisdiksjonen til medlemsstaten på grunnlag av regel 20.8.2 i vedlegg I til MARPOL 73/78.

2. Kvar medlemsstat skal melde frå til IMO om han tillèt, kallar attende, opphevar eller nektar drift av oljetankskip i kategori 1 eller 2 som har rett til å segle under flagget til medlemsstaten i samsvar med artikkel 5 i denne forordninga, på grunnlag av regel 20.8.1 i vedlegg I til MARPOL 73/78.

Artikkel 10

Framgangsmåte for endring

1. Kommissjonen skal ha fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 11 med sikte på å tilpasse tilvisingane i denne forordninga til ikkje-vesentlege endringar, t.d. omnummerering, som IMO vedtek med omsyn til reglane i vedlegg I til MARPOL 73/78 og til resolusjon MEPC 111(50) og 94(46), endra ved resolusjon MEPC 99(48) og 112(50), på det vilkåret at slike endringar ikkje utvidar verkeområdet for denne forordninga.

2. Endringar av MARPOL 73/78 kan haldast utanfor verkeområdet for denne forordninga i medhald av artikkel 5 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2099/2002 av 5. november 2002 om nedsettelse av en komité for sjøsikkerhet og hindring av forurensning fra skip (COSS) og om endring av forordningene om sjøsikkerhet og hindring av forurensning fra skip⁽¹⁾.

Artikkel 11

Utøving av delegert fullmakt

1. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter vert gjeven Kommissjonen med atterhald for dei vilkåra som er fastsette i denne artikkelen.

2. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter slik det er nemnt i artikkel 10 nr. 1 skal gjevast Kommissjonen for ein periode på fem år frå 20. juli 2012. Kommissjonen skal utarbeide ein rapport om den delegerte fullmakta seinast ni månader før femårsperioden går ut. Den delegerte fullmakta skal lengjast stillteiande for periodar med same lengd med mindre Europaparlamentet eller Rådet set seg imot ei slik lenging seinast tre månader før utgangen av kvar periode.

3. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 10 nr. 1, kan når som helst kallast tilbake av Europaparlamentet eller Rådet. Ei avgjerd om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er ført opp i avgjerda, sluttar å gjelde. Avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen* eller på eit seinare tidspunkt som er ført opp i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til andre delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde.

4. Så snart Kommissjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han melde frå om dette samstundes til Europaparlamentet og Rådet.

5. Ei delegert rettsakt som vert vedteken i medhald av artikkel 10 nr. 1, skal ta til å gjelde berre dersom Europaparlamentet eller Rådet ikkje gjer innvendingar innan to månader etter at rettsakta er meldt til Europaparlamentet og Rådet, eller dersom både Europaparlamentet og Rådet, før den nemnde fristen har gått ut, har meldt frå til Kommissjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar. Etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet vert denne fristen lengd med to månader.

Artikkel 12

Oppheving

Forordning (EF) nr. 417/2002 vert oppheva.

Tilvisingar til den oppheva forordninga skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg II.

Artikkel 13

Ikraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 13. juni 2012.

For Europaparlamentet

M. SCHULZ

President

For Rådet

N. WAMMEN

Formann

⁽¹⁾ TEF L 324 av 29.11.2002, s. 1.

*VEDLEGG I***Oppheva forordning med ei liste over endringar**

(som nemnt i artikkel 12)

Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 417/2002
(TEF L 64 av 7.3.2002, s. 1)

Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2099/2002
(TEF L 324 av 29.11.2002, s. 1)

Berre artikkel 11

Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1726/2003
(TEU L 249 av 1.10.2003, s. 1)

Kommisjonsforordning (EF) nr. 2172/2004
(TEU L 371 av 18.12.2004, s. 26)

Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 457/2007
(TEU L 113 av 30.4.2007, s. 1)

Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 219/2009
(TEU L 87 av 31.3.2009, s. 109)

Berre nr. 7.4 i vedlegget

Kommisjonsforordning (EF) nr. 1163/2009
(TEU L 314 av 1.12.2009, s. 13)

VEDLEGG II

Jamføringstabell

Forordning (EF) nr. 417/2002	Denne forordninga
Artikkel 1	Artikkel 1
Artikkel 2 nr. 1 innleiande punktum	Artikkel 2 nr. 1 innleiande punktum
Artikkel 2 nr. 1 første leddet første strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 første leddet bokstav b)
Artikkel 2 nr. 1 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 første leddet bokstav a)
Artikkel 2 nr. 1 andre leddet	Artikkel 2 nr. 1 andre leddet
Artikkel 2 nr. 2	Artikkel 2 nr. 2
Artikkel 3	Artikkel 3
Artikkel 4 nr. 1 innleiande punktum	Artikkel 4 nr. 1
Artikkel 4 nr. 1 bokstav a)	—
Artikkel 4 nr. 1 bokstav b)	—
Artikkel 4 nr. 2	Artikkel 4 nr. 2
Artikkel 4 nr. 3	Artikkel 4 nr. 3
Artikkel 4 nr. 4	Artikkel 4 nr. 4
Artikkel 4 nr. 5	—
Artikkel 4 nr. 6	—
Artikkel 5	Artikkel 5
Artikkel 6	Artikkel 6
Artikkel 7 innleiande punktum	Artikkel 7 innleiande punktum
Artikkel 7 første strekpunktet	Artikkel 7 bokstav a)
Artikkel 7 andre strekpunktet	Artikkel 7 bokstav b)
Artikkel 7 siste punktum	Artikkel 7 innleiande punktum
Artikkel 8 nr. 1 innleiande punktum	Artikkel 8 innleiande punktum
Artikkel 8 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 8 bokstav a)
Artikkel 8 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 8 bokstav b)
Artikkel 8 nr. 2	—
Artikkel 9 nr. 1	—
Artikkel 9 nr. 2	Artikkel 9 nr. 1
Artikkel 9 nr. 3	Artikkel 9 nr. 2
Artikkel 10	—
Artikkel 11	Artikkel 10
—	Artikkel 11
—	
—	
Artikkel 12	Artikkel 12 første strekpunktet
—	Artikkel 12 andre strekpunktet
Artikkel 13	Artikkel 13
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II